

Informasjon om planlegging av kraftutbygging i Jølstra

Tongahølen til Movatnet



Innhold

Tiltakshavar	2
Eksisterende forhold i vassdraget	2
Føremålet med brosjyra	2
Kvifor bygge vidare i Jølstra?	3
Forholdet til samla plan, verneplan for vassdrag og andre verneplanar	3
Kva skal byggast?	4
Jølstra Kraftverk	4
Hovuddata	4
Prinsippskisse	5
Venta verknader	6
Konsekvensutgreiingar	7
Lovgrunnlaget for handsaming av søknad for utbygging	8
Foto	10
Kart	11

Tiltakshavar

Tiltakshavar for prosjektet vil vere Sunnfjord Energi AS. Sunnfjord Energi AS har sidan 1914 hatt reguleringsanlegg mellom Jølster og Førdefjorden. Selskapet har i lengre tid arbeid med eit prosjekt i Jølstra og tok i 2008 initiativ til samarbeid og skipa ei arbeidsgruppe saman med dei private fallrettseigarane mellom Tongahølen og Movatnet. Ein har sett på ulike alternativ for å utnytte vassresursen mellom Jølstervatnet og Movatnet til kraftproduksjon på ein betre måte enn i dag.

Etter avklaring mot Samla Plan og i dialog med dei private fallrettseigarane vart ein hausten 2011 einige om å søke på prosjektet mellom Tongahølen – Reinene. Sunnfjord Energi AS har sidan 1954 nytta delar av dette fallet igjennom Stakaldefossen Kraftverk som produserar 60 GWh årlig. Det offentleg eigde selskapet Sunnfjord Energi AS har 43,85 % av fallet i prosjektet, resten er fordelt mellom private i Jølster- og Førde kommunar.

Sunnfjord Energi AS disponerar 47,8% av rettane mellom Tongahølen og Reinene. Sunnfjord Energi har inngått avtale med grunneigarane nedstrøms Sta-

kaldefossen (i Førde kommune). Vi har hatt eit nært samarbeid med grunneigarane oppstrøms Stakaldefossen både med hensyn på planlegging og avtalar om gjennomføring. Partene har so langt ikkje kommet til einigheit om vederlag m.v. Sunnfjord Energi AS er framleis interessert i ein minneleg avtale med grunneigarane oppstrøms Stakaldefossen.

Sunnfjord Energi AS er eigd av kommunane Jølster, Førde, Gaular, Fjaler, Hyllestad, Solund, Naustdal og BKK. Selskapet har linjenett og kraftlevering i dei same kommunane, og årleg produksjon er om lag 500 GWh i del- og heileigde kraftverk.

Eksisterende forhold i vassdraget

Sidan 1914, er det gjort fleire utbyggingar og reguleringar i Jølstravassdraget. Brulandsfoss vart bygd i 1914, Stakaldefoss i 1954, Mo i 2000 og Kjosnesfjorden i 2010. I tillegg er det bygd fleire småkraftverk i tilførsels-evane til hovudvassdraget. I samband med utbygging av Stakaldefossen Kraftverk vart Jølstravatnet regulert, og Trollevatnet vart regulert i samband med utbygginga i Kjosnesfjorden.



Føremålet med brosjyra

Denne brosjyra er ein kortversjon av meldinga med framlegg til konsekvensutgreiingsprogram som er utarbeidd for Jølstra Kraftverk. Brosjyra og meldinga skal informere om planane for prosjektet og forslag til konsekvensutgreiingsprogram. Brosjyra og meldinga blir sendt til aktuelle myndigheiter og interesseorganisasjonar, og vert lagt ut til offentleg ettersyn, etter kunngjering i lokalavisene. Brosjyra vil også bli sendt direkte til husstandar som blir berørte av tiltaket. På denne måten ynskjer utbyggarane å få til eit samarbeid med andre brukargrupper og interesser i vassdraget. Dette skal bidra til at alle vesentlege forhold kan takast omsyn til ved endeleg utforming av planane som vil gå inn i ein konsesjonssøknad.

Kvifor bygge vidare i Jølstra?

Stortinget har vedteke som mål å auke bruken av fornybare energikjelder i Noreg. Skånsame vasskraftutbyggingar, serskilt i allereie utbygde og regulerte vassdrag, skal føretrakkast. Det er ein gunstig måte å utnytte fornybare energikjelder på.

Mellom Tongahølen og Movatnet er det eit betydeleg kraftpotensiale som i dag ikkje er utnytta. Av eit samla fall på 131 m blir berre delar av vatnet og ca. 40 m fall i dag

nytta i Stakaldefossen Kraftverk. Ved vidare utbygging i Jølstra vil Stakaldefossen utan endring framleis kunne produsere i flaumperiodar.

Ei vidare utbygging i denne delen av Jølstra vil ikkje medføre bygging av nye luftlinjer. Kraftstasjonen vil med jordkabel bli knytt opp til eksisterande linjer og til Moskog transformatorstasjon. Ved vidare utbygging i Jølstra skal det leggst vekt på ein god miljøprofil.

Forholdet til samla plan, verneplan for vassdrag og andre verneplanar

Samla Plan opna for vidare kraftutbygging i delar av Jølstravassdraget. På den aktuelle elvestrekninga vart utbygging i Kvamsfossen og utviding av Stakaldefossen plassert i kategori I. Seinare har ein fått fritak frå Samla Plan for strekninga mellom Tongahølen og Movatnet. I Samla Plan var det planlagt ei minstevassføring i Kvamsfossen på 7,5 m³/s.

I verneplan for vassdrag er nabovassdraga Gaular, Nausta, Gjengedal, Flekke, Storelva(Laukelandsfossen)og Osen-vassdraget varig verna, samla om lag 2 TWh.

Vi er ikkje kjende med andre verneplanar som kan komme i berøring med utbyggingsområdet.

Kva skal byggast?

Jølstra Kraftverk

Det vil bli utgreidd eit alternativ med ein kraftstasjon. Kraftstasjonen har vi kalla Jølstra Kraftverk. Reguleringa av Jølstravatnet frå 1954(1,25 m) vil ikkje bli endra.

Inntak til Jølstra Kraftverk vil være ved Tongahølen, med ein mindre betongkonstruksjon med rister og luker i elvekanthen. Det kan bli aktuelt med ein mindre og regulerbar terskel over elva ved inntaket, for å halde mest mulig jamn vasstand.

Tilløpet vil gå som tunnel frå inntaket i Tongahølen til Jølstra Kraftverk. Tilløpstunnelen vil ha ei lengde på ca. 4200 m og eit fall på 131 m. Stasjonen vil bli i plassert i fjell og ha ein installert effekt på 46 MW med ein forventa årleg produksjon på 173 GWh. Tilkomsttunnel til stasjonen vil være på ca. 600 m med inngang frå transformatorområdet på Moskog. Krafta vil bli ført ut på jordkabel direkte til koplingsanlegget. Avløpstunnel frå Moskog til Reinene vil ha ei lengde på 1200 m. Vassføringa i elva vil bli påverka i ca. 5600 m lengde.

Sprengmassane skal nyttast mest mulig direkte til samfunnsnyttige føremål, men noko må påreknast mellom-lagra. Aktuelle plassar kan vere sandtaket på Kvammen og industriområdet på Moskog.

Vegar

Det vil bli bygt minimalt med nye permanente vegar. Til mellomlagringsplassar blir det aktuelt med kortare mellombelse vegar. Det blir aktuelt med opprusting av eksisterande bruer og vegar for å tåle tyngre last.

Kraftleidningar

Bygginga av Jølstra Kraftverk krev ingen nye luftlinjer. Kraftverket blir med jordkabel knytt direkte til Moskog transformatorstasjon.

Hovuddata

Jølstra Kraftverk, (Tongahølen - Reinene)

TILSIG

Nedbørfelt	km2	409
Årleg tilsig til inntaket	mill.m3	950
Spesifikk avrenning	l/s/km2	75
Middelvassføring	m3/s	30,6
Alminneleg lågvassføring	m3/s	4,6
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m3/s	21,5
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m3/s	5,8

KRAFTVERK

Inntak	moh.	172
Avløp	moh.	41
Lengde på berørt elvestrekning	km	5,6
Brutto fallhøgde	m	131
Gjennomsnittleg energiekvivalent		0,29
Slukeevne, maks.	m3/s	45
Slukeevne, min	m3/s	13
Tunnel, tverrsnitt	m2	35
Tilløpsrør/tunnel, lengde	M	4160
Installert effekt, maks	MW	46
Brukstid	timar	3800

MAGASIN

Magasinivolum	mill. m3	50
HRV	moh.	207,35
LRV	moh.	206,1


PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)GWh		57
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	116
Produksjon, årleg middel	GWh	173

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	Mill. kr.	385
Utbyggingspris	Kr/KWh	2,23
Utbyggingspris Ny kraft (113 GWh)	Kr/kWh	3,41

Prinsippskisse



Prinsippskisse for utbygging av Jølstra Kraftverk 173 Gwh.

Venta verknader

- Utbygginga vil gje mykje ny fornybar kraft i eit allereie regulert og utbygt vassdrag, med små nye naturinngrep.
- Utbygginga vil bruke eksisterande infrastruktur i størst mulig grad.
- Utbygginga vil i liten grad synast frå busetnad og offentlege vegar.
- Utbygginga fører ikkje til nye luftlinjer. Jølstra Kraftverk vil ligge i fjell under eksisterande Moskog transformatorstasjon og koplast med jordkabel til denne.
- Sprengmassane vil bli nytta i området til samfunns nyttige føremål, som næringsareal, vegbygging, etc. Mellomlager blir plassert minst mulig synleg i terrenget og områda vil etter bruk bli skikkeleg rydda og revegetert.
- Tiltakshavar ventar små verknader på vegetasjon og fisk, lite eller ingen verknader på vilt og fugl. Desse fagområda vil bli utgreidd nærmare.
- Utbyggingsområdet er sterkt prega av menneskeleg aktivitet. Vi kan ikkje sjå at kulturminne vil bli skada. Mulige slike vil bli registrerte og undersøkte.
- Ein forventar at forholda for elvepadling og rafting vil bli betra, då for stor vassføring i dag set begrensningar for denne aktiviteten. Verknadar vil bli utreda. Verknaden for turisme, rekreasjon og sportsfiske ventar ein lite berørt. Desse vil bli undersøkt og klarlagt. Delar av elva er synleg frå E 39 som er ei viktig ferdselsåre.
- I byggeperioden vil det bli noko støy, støv og trafikk i området. I driftsperioden vil ein ikkje få slike verknader.
- Prosjektet vil ha ein positiv verknad på næringsliv og sysselsetting i bygge- og driftsperioden. Røynsler viser at lokale entreprenørar får store delar av slikt arbeid.
- Jølstra Kraftverk vil gje auka inntekter til fallrettshavarane, eigedomsskatt og konsesjonsavgifter og konsesjonskraft.
- Vasskraft er fornybar energi, og så godt som fri for utslepp av klimagassar. Den største miljøeffekten av tiltaket er at det fører til reduksjon av CO2 frå termisk kraftproduksjon andre stadar. Samla kan Jølstra Kraftverk gje inntil 1 33 GWh ny kraft utan nye reguleringar og større naturinngrep. Dette gir ein reduksjon i det globale CO2 utsleppet på om lag 70.000 tonn pr. år. Dette tilsvarar utsleppet frå om lag 50 000 moderne bilar. (120g/km)

Konsekvensutgreiingar

Faglege utgreiingar skal klargjere kva for konsekvensar utbyggingsprosjektet kan få for miljø, naturresursar og samfunn. Utgreiingane er eit viktig grunnlag for sakshandsaminga av søknaden og for vilkår som blir knytt til ein muleg konsesjon. Det blir føreslått følgjande utgreiingsprogram:

Tema	Hovudspørsmål
Elektriske anlegg og overføringsleidningar	Kapasitetsforhold, behov for nye tiltak, kraftleiingstrasear, avstand frå magnetfelt til busetnad.
Hydrologi	Overflatehydrologi, minstevassføring, driftsvassføring, flaum, magasin, vassstemperatur, isforhold, lokalklima, grunnvatn, erosjon, sedimenttransport, skred.
Landskap og inngrepfrie område	Landskap, INON, landskapsoppleving.
Naturmiljø og mangfald	Biologiske registreringar i felt, økosystem, avbøtande tiltak, geofaglege forhold, naturtypar, ferskvasslokalitetar, karplanter, mosar, lav, sopp, pattedyr, fugl, fisk, ferskvassbiologi.
Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminne og kulturmiljø i tiltaksområdet, automatisk freda kulturminne, nyare tids kulturminne, vurdering av konsekvensar i anleggs og driftsfasen.
Forureining	Vasskvalitet, utsepp til vatn, miljømål, konsekvensar for drikkevatt, forureining, støv, støy, støy og ristingar.
Naturresursar	Jord og skogbruk, ferskvassresursar, mineral og masseførekomstar.
Samfunn	Næringsliv og sysselsetting, utvikling i folketal og busetnad, tjenestetilbod og kommunal økonomi, sosiale forhold, helsemessige forhold, friluftsliv, jakt og fiske, reiseliv, sumverknader, massedeponi.

Utgreiingsprogrammet

Det er Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) som fastset utgreiingsprogrammet.

Dette skjer etter at høyringsfråseg-nene frå berørte partar er gjennom-gått og vurdert. Så snart utgreiings-programmet er fastsett, vil objektive ekspertar og fagmiljø gjennomføre dei pålagde utgreiingane.

Lovgrunnlaget for handsaming av søknad for utbygging

Prosjektet vil krevje løyve etter vassresurslova, energilova, industrikonsesjonslova og oreigningslova. Andre lover som kan vere aktuelle er plan- og bygningslova, forureiningslova og kulturminnelova. Det er ikkje kjøpt grunn til gjennomføring av prosjektet. Fallrettshavarane som blir medeigarar i prosjektet eig det aller meste av aktuell grunn, og ein vonar på å oppnå minnelege avtalar. På Moskog eig Sunnfjord Energi AS det meste av aktuell grunn.

Vidare saksgang

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka. Handsaminga skjer i tre fasar:

Fase 1 - meldingsfasen

Denne brosjyren gjev oversyn over fase 1. Tiltakshavar gjer i meldinga greie for sine planar, og beskriv kva slag utgreiingar han meiner er naudsynte. Formålet med meldinga er:

- å informere om planane
- å få tilbakemelding på tilhøve som tiltakshavar bør vurdere i den vidare planlegginga
- å få kjennskap til moglege verknader og konsekvensar som bør takast med når det endelege programmet for konsekvensutgreiinga skal utformast.

Høyring: Meldinga vert kunngjort i pressa og lagt ut til

offentleg ettersyn på Jølster Kommune, Skei og Jølstra-holmen Senter, Vassenden. Samtidig vert den sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar. Meldinga og brosjyren vil vere tilgjengeleg for nedlasting på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Ein papirversjon kan du få frå tiltakshavar. Alle kan komme med uttale. Denne kan du sende via nettsida www.nve.no vannkraft, på sida til saka, eller til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO. Høyringsfristen er minimum seks veker etter kunngjøringsdatoen.

Ope møte: I høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope folkemøte der det vil verte orientert om saksgangen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og sted for møtet vil verte kunngjort på www.nve.no/konsesjonsnyheter og i lokalaviser.

Som avslutning på meldingsfasen fastset NVE det endelege konsekvensutgreiingsprogrammet.

Ifølgje vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, retts-havarar, kommunar og andre interesserte krevje utgifter til juridisk bistand og sakkyndig hjelp dekt av tiltakshavar, i den utstrekning det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg kan dei leggje saka fram for NVE. Vi anbefalar at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande

interesser samordnar sine krav, og at kravet vert avklara med tiltakshavar på førehand. Retten til å krevje desse utgiftene dekt fordrar at tiltakshavar fremjar ein konsesjonssøknad.

Fase 2 - utgreiingsfasen

I denne fasen blir konsekvensane utgreidd i samsvar med det fastsette programmet, og dei tekniske og økonomiske planane vert utvikla vidare med utgangspunkt i meldinga, fråsegner og informasjon som kjem fram gjennom utgreiingane. Fasen vert avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhørande konsekvensutgreiing til NVE.

Fase 3 - søknadsfase

Når planlegginga er avslutta, vil tiltakshavar sende søknaden med konsekvensutgreiing til Olje- og energidepartementet (OED) ved NVE. NVE vil sende saka på høyring til dei same forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar som i meldingsfasen, og i tillegg til alle som kom med uttale til meldinga. Ein ny brosjyre vil orientere om vidare saksgang og dei endelege planane som konsesjonssøknaden byggjer på. NVE vil òg arrangere eit nytt ope folkemøte. Etter høyringsrunden vil NVE utarbeide tilråding i saka, og sende denne til OED til slutthandsaming. Endelig avgjerd vert tatt av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan verte lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED sette vilkår for drift av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skader og ulemper.



Nedstrøms gamle Kvamsbrua



Grimsbø, Østenstad, Eikås og Slåtten



Movatnet

På utbyggingsstrekninga renn elva Jølstra gjennom eit kultur-landskap, med eit bustadfelt og E39 langs nordsida, og aktive gardsbruk på begge sider. Ved Stakaldefossen Kraftverk er det sentrale koplingspunktet for kraftlinjenettet i Sunnfjord, kalla Moskog.



Vassenden. Jølstravatnet heilt til høgre.



Kvammen, Støfring, Kvamsfossen.




Eikås, Slåtten.



Grimsbø, Flaten.



Stakaldefossen Kraftverk og koblingsanlegg for 22,66 og 132 kV .



Spørsmål om sakshandsaming og planar

Spørsmål om sakshandsaminga kan du rette til:

nve@nve.no eller NVE - Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO.

Kontaktperson: Anne Gunvor Berthling, agb@nve.no, tlf. 22 95 95 95

Spørsmål om konsekvensutgreiinga og dei tekniske planane kan du rette til:

Sunnfjord Energi AS

Kontaktpersonar:

Olav Osvoll Produksjonssjef. Tlf. 57 72 23 24 / 95 29 01 17 / olav.osvoll@sunnfjordenergi.no

Kjell Johnny Kvamme Prosjektleder. Tlf. 57 72 23 77 / 95 98 90 33 / kjell.johnny.kvamme@sunnfjordenergi.no

Melding om planar for Jølstra Kraftverk finn du på internett: www.sunnfjordenergi.no